

Hengelmerke
til 5 kroner

Trygve Amundsen

(4)

Underskrivne Andrea Sunde - 61 år - Og Hanne Sunde - 51 år - vèdgår å hava seldt, korfor me hermed skøyter og dreg over til Trygve Amundsen - 40 år - Bnr.50 Tryggheim av skyld i øre utskilt ved skyldskifte den 25. januar 1947 av Gnr.26, Bnr.4 Sunde i Meland herad.

Kjøpesummen er Kr. 500,00
- fem hundrad kroner - som er betalt.

Kjøparen skal hava rett å bruka vegen frå bygdevegen til Midtsundet og vidare rett til på selgjarens eigedom å arbeida opp ein 2,1 meter breid veg frå denne vegen og fram til sin eigedom.

Fins der ikkje på parsellen nokk og godt vatn til husbruk skal kjøparen hava rett til å grava brunn på selgjaren sin eigedom med rett til veg og eventuelt å leggja vasleiding frå brunnen og fram til parsellen. Staden der brunnen skal gravast må vera på ein der til høveleg stad som vert nerare påvist av selgjarane.

Kjøparen skal settja opp og halda ved like gjerde rundt parsellen der kor gjerdepliki ikkje tidligare er pålagt andre.

Utanom det som her er nemnt har ikkje kjøparen noko rettar utanom dei grenser som i skyldskifte er sett.

Parsellen vert overdregen fri for panteheftelser.

Då kjøparen for kjøpesummen har gjort sin skyldnad segjer me hermed frå om at ovanfornemnde bruk skal tilhøyra Trygve Amundsen og me vert for overdragingi hans heimelmann etter lovi.

Littlebergen den 21. april 1947.

Trygve Amundsen

kjøpar.

Andrea Sunde
Hanne Sunde

selgjara.

At kjøpar og selgjara sjølvé har skrive under dette skøyte medan me såg på og at dei er over 21 år vert hermed vitna.

Littlebergen den 21. april 1947.
Kristian Meland Bjarne Maldekleiv

For fotostikkopien held til Nr. 101 i dokumentasjonen
24/ 1983
Nordhordland Sørenslivforetak
N. S. S. T. N.